



NORGES
MUSEUMSFORBUND

FRÅSEGN FRÅ ÅRSMØTET I OSLO

MUSEA MÅ BLI EIN DEL AV REGJERINGA SI REISELIVSSATSING!

Regjeringa har varsla at den vil revidera den nasjonale strategien for reiselivsnæringa¹. Det er nå på tide at musea og kulturbasert reiseliv blir ein del av denne satsinga.

Musea som attraksjonar er eit av seminara på Museumsforbundet sitt nasjonale museumsmøte 24. – 26. august (www.museumsforbundet.no). Her vil statssekretær Halvard Ingebrigtsen frå Nærings- og handelsdepartementet få overlevert konkrete innspel frå Museumsforbund.

Reiseliv er mellom dei næringane i verda som veks raskast. Samtidig viser undersøkingar at opplevingar og kultur får ein stadig meir sentral plass i reiselivsnæringa. Dette gjeld også internasjonalt. For eksempel blei det i 2006 lagt fram ein rapport som viste at *“Museums are key to Britain’s success as a creative economy”²*. Norge, med over 10 millionar museumsbesøkande, har faktisk eit høgare besøkstal i forhold til innbyggartalet enn i Storbritannia, og nordmenn går oftare på museum enn i musea sitt heimland. I Museumsforbundet si eiga omdømmeundersøking om museum og reiseliv frå 2007 svarte 60% at musea er spennande og tilbyr attraktive utstillingar.³

Musea si samfunnsrolle

Musea er ikkje-kommersielle institusjonar som produserer, forvaltar og formidlar kunnskap om natur- og kulturarven i fortid og nåtid. Musea er viktige møteplassar for ulike grupper i sine lokalsamfunn og arenaer kor gjester frå inn- og utland kan bli kjent med historia vår, tradisjonar og samtidige kulturuttrykk.

Musea skal bidra til å verna om våre demokratiske verdiar, fremja kritisk refleksjon og kulturell toleranse, og motverka dei kreftene som vil bruka historia til å rettferdiggjera ekstreme holdningar, valdshandlingar og historieforfalskingar. Museumsforbundet vil samarbeida med Norsk kulturråd for å setta musea i stand til å fylla og vidareutvikla denne rolla.

Museumsforbundet meiner Regjeringa må leggja til rette for at musea i større grad kan nyttast som ein ressurs for reiselivet. Det er også viktig å utvikla prosjekt for å styrka musea som ein aktiv samarbeidspart for det lokale reiselivet.

Kontaktpersonar

Styreleiar Målfrid Snørteland, tlf. 9139 0361

Generalsekretær Tron Wigeland Nilsen, tlf. 9012 4970

¹ http://www.regjeringen.no/upload/NHD/Vedlegg/strategier2007/nhd_reiselivsstrategi%20-%20endelig%20utgave.pdf

² <http://www2.lse.ac.uk/newsAndMedia/news/archives/2006/MuseumsReport.aspx>

³ <http://www.museumsforbundet.no/pdf/Omdømmeundersøkelsen.pdf>